



DET KONGELEGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

Dykkar ref

Vår ref
22/5423-

Dato
19. juni 2023

Revidert nasjonalbudsjett 2023, kap. 275 post 21. Supplerande tildelingsbrev til Norsk utanrikspolitisk institutt

Vi viser til at Stortinget i samband med behandlinga av revidert nasjonalbudsjett for 2023 har vedteke tilleggsløyvingar og omprioriteringar i 2023, jf. Innst. 490 S (2022–2023) og Prop. 118 S (2022–2023).

Vi viser også til det ordinære tildelingsbrevet frå Kunnskapsdepartementet til Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI) datert 20. desember 2022.

1. Mål og føring for tildelinga

Midlane skal kompensere NUPI for ekstraordinær lønns- og prisjustering i 2023 slik at ein unngår utilsikta redusert aktivitet. Tildelinga skal også kompensere statlege arbeidsgivarar for mellombels auke i arbeidsgivaravgift på inntekt over 750 000 kroner.

2. Beløp og utbetaling

Kunnskapsdepartementet tildeler med dette **279 000 kroner** til NUPI for å kompensere for lønns- og prisjustering og mellombels auke i arbeidsgivaravgift i 2023.

Departementet utbetaler midlane i éin rate.

3. Krav til rapportering

NUPI skal rapportere om bruk av midlane i årsrapport for 2023 som skal sendast til Kunnskapsdepartementet, postmottak@kd.dep.no, innan 15. mars 2024.

Postadresse
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo
postmottak@kd.dep.no

Kontoradresse
Kirkeg. 18
www.kd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
872 417 842

Avdeling
Avdeling for eigarskap
i høgare utdanning og
forskning

Saksbehandlar
Maria Elise Rød
22 24 73 80

Rapporteringa skal bekrefte at midlane er nytta i samsvar med føresetnadene for tildelinga.

4. Kontroll

Kunnskapsdepartementet og Riksrevisjonen kan kontrollere at tilskotet blir nytta etter føresetnadene, jf. løyvingsreglementet og lov om Riksrevisjonen § 12. Dei tildelte midlane kan bli kravde heilt eller delvis betalte tilbake dersom dei ikkje blir nytta i samsvar med føresetnadene.

Med helsing

Hedda Huseby (e.f.)
avdelingsdirektør

Maria Elise Rød
rådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Kopi
Riksrevisjonen